

Fra: Roald Breistein (Roald.Breistein@hfk.no)

Sendt: 26.01.2015 11:23:43

Til: Fylkesrådmann - Postmottak; Fylkesordfører

Kopi: Rune Haugsdal; Tom-Christer Nilsen; Hogne Haktorson

Emne: Møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 16.2.15 - Orientering om etikk i fylkeskommunen

Vedlegg: image001.png

Det er ønskeleg, i år som i fjor, at fylkesordfører og fylkesrådmann orienterer kontrollutvalet om status i høve arbeid med etikk i Hordaland fylkeskommune. Ei slik orientering kan t.d. innehalde slike opplysningar:

1. Kva er gjort på området siste året
2. Kva er planlagt å gjere det neste året
3. Er det gjennomført dilemmatrening
4. Er det halde kurs eller seminar
5. Osv.»

Det vil vera ei føremon om det også vert orientert om fylkeskommunen har laga eit antikorrupsjonsprogram eller har vurdert å lage eit slikt program. Jf. i samband med dette «Håndbok i antikorrupsjon – Beskytt kommunen» som du finn på denne lenkja:

<http://www.ks.no/tema/Samfunn-og-demokrati1/Etikkportalen/>

Det er ønskeleg at ei slik orientering vert gjeve i neste møte i kontrollutvalet som skal haldast 16.2.2015. Møtet skal haldast i møterom 425 Sunnhordland i fylkeshuset og det vil passe fint om orienteringa kan skje etter lunsj, kl. 12.30. Vi ber tilbakemelding dersom tidspunktet ikkje skulle passe.

Med helsing

Roald Breistein

Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Pb 7900, 5020 Bergen

roald.breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Tlf: 55 23 94 47 | Mob: 97 50 51 52

www.hordaland.no

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.